



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
11.08.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/1865 363.3
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane
Askøy, Etne, Fusa,
Bømlo, Austrheim, Meland,
Stord, Bergen og Fjell

Tilsegn om skjønnsmidlar 2015 - prosjekt om busetting av flyktningar

Vi viser til kommunen sin søknad om skjønnsmidlar til prosjekt om busetting av flyktningar. Kommunen Dykkar er ein av ni kommunar som blir tildelt slike midlar i 2015.

Bakgrunn

På oppdrag frå Barne- likestillings- og integreringsdepartementet (BLD) leier Fylkesmannen i Hordaland i 2015 og 2016 eit prosjekt som har mål om auka og raskare busetting av flyktningar i fylket. I brev frå oss datert 10. mars 2015 blei kommunane i Hordaland inviterte til å søke skjønnsstilskot til prosjekt om busetting av flyktningar. Eit viktig føremål med dette tilskotet er å gi kommunane høve til å prøve ut nye løysingar når det gjeld busetting, integrering og kvalifisering av flyktningar.

Om søknadsprosessen

Totalt har vi fått inn 17 søknader frå tolv kommunar. Samla søknadssum er i underkant av tolv millionar kroner. Fylkesmannen gir stønad til ti ulike prosjekt. I utveljinga av prosjekt har vi samarbeidd med IMDi og Husbanken. Dei fleste av prosjekta er planlagde over to eller fleire år. Vi kan ikkje no gi signal om tilskotsbeløp etter 2015, då det mellom anna avheng av kor stor fylkesramma for skjønnsstilskot vil bli.

Tilsegn om skjønnsmidlar 2015

Tilsegn om skjønnsmidlar til prosjekt om busetting av flyktningar blir gjort etter følgjande fordeling, til saman kr 4 574 000:

<i>Kommune</i>	<i>Prosjekt</i>	<i>Tilskot</i>
Askøy	«Intro – med jobb i fokus»	250 000
Etne	«Frå introduksjonsstønad til eiga inntekt»	200 000
Fusa	«Kultur og integrering»	100 000
Bømlo	«Ressurskoordinator»	350 000
Austrheim	«Auka digital kompetanse fører til betre inkludering»	124 000
Meland	«Ressurskoordinator»	350 000
Stord	«Jobbsenter»	600 000
Stord	«Bustadsosial flyktningmedarbeidar»	300 000
Bergen	«Flyktninghelsekoordinator	1 000 000
Fjell	«Bustad for alle»	1 300 000

Tilskotet vil bli gitt som eit tillegg på ein komande termin for rammetilskotet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til kvar av kommunane.

Nokre prosjekt har fått tildelt mindre midlar enn det blei søkt om. Vi ber om ei tilbakemelding til e-post fmhpostmottak@fylkesmannen.no innan 26. august 2015 dersom denne reduksjonen gjer at prosjektet ikkje vil bli realisert.

Samstundes ber vi om å få ein kontaktperson for alle prosjekta. Kristin Bach Skaset og Marianne Svege er sakshandsamarar hos oss ved telefonar og spørsmål.

Rapportering

For å sikre overføringsverdi mellom kommunane skal resultatane av prosjekta dokumenterast. Vi ber difor om at kommunen rapporterer om korleis midlane er nytta/planlagt nytta innan 1. juni 2016.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.